

# Avtale

mellom

Universitetsbiblioteket i Bergen (UB Bergen)

og

Medieval Nordic Text Archive (MENOTA)

om

## Serverplass og drift for MENOTA sine websider

### 1. Partar og avtalegjensstand:

Partane i avtalen er Medieval Nordic Text Archive (MENOTA) ved rådet, og Universitetsbiblioteket i Bergen (UB Bergen). Avtalen gjeld lagring og drift av MENOTA sine websider.

### 2. Materiale:

Websida [www.menota.org](http://www.menota.org) med statiske undersider og lenker. Heriblant:

Menota Handbook

Katalogen over Menotas tekstarkiv

Innkallingar og referat frå rådsmøta

Informasjon om Medieval Nordic Text Archive.

Domenenavnet er eigd av prof. Odd Einar Haugen. Sjølv tekstressursane (trebanken Menotec og tekstane i Menotas tekstarkiv) inngår ikkje i denne driftsavtalen, ut over at UB Bergen er behjelpelig med å setje i drift eit Subversion-repositorium for både websidene og tekstarkivet.

### 3. Teneste:

Som del av sine støttetjenester for digitale vitenskaplege tekstarkiv, og som del av arbeidet med CLARIN-relaterte tenester, tek UB Bergen på seg følgjande oppgåver med websidene på [www.menota.org](http://www.menota.org), med utgangspunkt i det omfang som pr. 21.3.2016 er flytta over på server hos UB Bergen:

- Lagring av sidene på server hos Universitetet i Bergen si IT-avdeling.
- Assistanse med oppsett og bruk av Subversion-repository (SVN) for websidene og MENOTAs tekstarkiv.
- Køyning og overvaking av websidene.
- Løpande feilretting og teknisk støtte for websidene og repositoret som denne avtalen omfattar.

UB Bergen vil arbeide for å halde maksimal tilgjengeligheit og oppetid på websidene, avhengig av tenestene frå Universitetet i Bergen si IT-avdeling. UB Bergen tek på seg denne oppgåva i avtaleperioden som del av sine ordinære driftsoppgåver.

UB Bergen tek ikkje eit redaksjonelt ansvar for websidene. UB Bergen legg til grunn av teknisk arbeid av større omfang enn dei løpande oppgåvene andtyda her, ikkje er del av UB Bergen si teneste utan at det vert særskilt avtala. UB Bergen tek også atterhald om at økonomiske føresetnader for bruken av Universitetet i Bergen sine IT-tenester kan endre seg slik at avtalen må takast opp til ny vurdering.

### 4. Periode:

Denne avtalen gjeld frå 1.4.2016 inntil den vert reforhandla, eller oppsagd med 3 månaders varsel av ein av partane.

**5. Reforhandling/opsjonar:** Kvar part kan ta initiativ til reforhandling av denne avtalen.

### 6. Underskrifter:

For

Medieval Nordic Text Archive



Prof. Odd Einar Haugen  
Styreleiar

For

Universitetsbiblioteket i Bergen



Maria-Carme Torras  
Avdelingsdirektor